
Saksnr: 2021/52736-1
Saksbehandlar Svein Hågård
Dato: 03.11.2021

Til: Hovudutval for opplæring og kompetanse

Frå: Avdelingsdirektør for organisasjon og økonomi

Elev- og lærlingombodet - innrettinga framover

Avdelingsdirektøren viser til fylkestinget si handsaming av årsmeldinga til elev- og lærlingombodet i møte 29. september, PS-sak 96/2021. På spørsmål frå ein representant i fylkestinget opplyste avdelingsdirektøren at ho ville kome tilbake til hovudutvalet for opplæring og kompetanse med eit notat om innrettinga av ombodsarbeidet framover.

Bakgrunnen for spørsmålet i fylkestinget er at etter fylkessamanslåinga i 2020 og fram til 01.08.21 var det to elev- og lærlingombod i Vestland. Det eine ombodet slutta i stillinga 31.07.21 og har ikkje vorte erstatta.

Organisatorisk er elev- og lærlingombodet plassert i seksjon for juridiske tenester i avdeling for organisasjon og økonomi.

Elev- og lærlingombodet er fylkeskommunen sitt ombod for elevar, lærlingar og lærekandidatar i vidaregåande opplæring. Ombodet har ein rådgjevande og rettleiande funksjon og arbeider på eit fritt og uavhengig grunnlag. I det tidsrommet fylkeskommunen hadde to elev- og lærlingombod, delte dei fylket mellom seg; det eine ombodet var ombod for elevar og lærlingar i Sogn og Fjordane, Voss, Nordhordaland og Bergen Nord, det andre ombodet hadde ansvar for resten av fylket.

Avdelingsdirektøren meiner at det heretter er tilstrekkeleg med eitt elev- og lærlingombod. Eit viktig poeng i denne samanheng er at rettleiingstenesta, som er ei teneste ingen av dei to tidlegare fylkeskommunane hadde, no avhjelper elev- og lærlingombodet ved at ein del av arbeidet til denne tenesta går ut på å rettleie lærlingar, lærekandidatar og vaksne elevar i vidaregåande opplæring.

Ein reduksjon til eitt ombod inneber under alle omstende at elev- og lærlingombodet må innrette arbeidet sitt på ein annan måte enn tidlegare. Det må bli færre fysiske besøk ute på skulane, t.d. for å møte elevråd, og i lærebedrifter for å møte lærlingar. Utviklinga gjer det mogleg å halde ei rekkje møte digitalt, t.d. på Teams. Det aller meste av rettleiinga og rådgjevinga må skje på telefon og e-post.¹

Avdelingsdirektøren vil saman med elev- og lærlingombodet evaluere den nye innrettinga etter utløpet av dette skuleåret.

Avdelingsdirektøren har hatt tett kontakt med elev- og lærlingombodet om denne saka. Ho er samd i konklusjonen og premissane for denne.

¹ Når det gjeld kommunikasjon ved hjelp av sosiale medium, som t.d. Facebook, gjer avdelingsdirektøren merksam på at administrasjonen legg opp til å gjennomføre risikovurderingar for å vurdere om bruken av sosiale medium i fylkeskommunen etterlever pliktene i personvernforordninga.